



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
Kulturavdelinga

Riksantikvaren
Dronningensgate 13
Boks 8196 Dep
0034 OSLO

Bergen Museum
De kulturhistoriske samlingar
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

RIKSANTIKVAREN		
Arkivkode:	P 282-284 Luster	
Krysshenv:		
Saksnr:	2004/69-1	Dato: 15/1-04
Avd:	Saksb:	Avskr:

Sakshandsamar: Eva Moberg tlf.dir.: 57 82 50 21 E.post: eva.moberg@sf-f.kommune.no

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
C51	Arkivsnr.: 03/04982 L.nr: 000674/04		14.01.2004

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ LOV OM KULTURMINNE § 8.1. LEDD. JOSTEDALEN I LUSTER KOMMUNE.

Søknaden gjeld

Kulturavdelinga har i oversending datert 22.12.03 motteke søknad frå Arkeologisk Institutt om dispensasjon frå Lov om Kulturminne § 8.1.ledd for undersøkingar av utvalde jordbruksstrukturar i Jostedalen i Luster kommune.

Målsetjinga med dei omsøkte arkeologiske undersøkingane er å spore den eldste gardsbusettinga i Jostedalen og vise utviklinga av busettinga i eit langtidsperspektiv.

Det omsøkte registreringsarbeidet er førebudd gjennom ei forundersøking utført i oktober 2003. Forundersøkinga omfatta overflateregistrering av jordbruksstrukturar og oppmåling (GPS) av dei mest interessante strukturane for vidare undersøkingar. Vidare omfatta forundersøkinga ei gjennomgang av skriftlege kjelder og innhenting av munnleg informasjon frå grunneigarane/innbyggjarane.

I søknaden er det omtala 3 alternativ, men samstundes presisert at det er alternativ 1 (det mest omfattande alternativet) som søknaden her gjeld. Alternativ 1 inneber at strukturar frå samtlege gardar i dalen vert undersøkte, og at ein legg inn tilleggsundersøkingar på dei fem mest interessante gardane. Undersøkingane vil ta form av sjaktgraving i strukturar av typen åkerreiner, åkerhakk, steingjerder, bakkemurar og vegfar, samt uttak av prøver til C-14 datering og pollenanalysar.

Vurdering

Søknaden er fremja av Arkeologisk Institutt som også står som fagleg ansvarleg for prosjektet. Arkeologisk Institutt har brei erfaring frå tilsvarande prosjekt (Vestlandsgardsprosjektet og

Postadresse: Postboks 173, 6801 FØRDE
Besøksadresse: Prestebøen 8 - Førde
Bankgiro: 3781.07.00050

Telefon: 57 82 50 00 Telefaks: 57 82 50 01
Org.nr.: 941 388 841
E.post: postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no
Internettadr.: <http://www.sf-f.kommune.no>

Urnesprosjektet) og vi oppfattar såleis at den faglege delen vil bli godt ivareteke. Det er vidare gjort eit grundig forarbeid, og det er godt samsvar mellom val av metode og sjølv målsetjinga med prosjektet. Det er også positivt at ein i så stor grad tenkjer tverrvitenskapeleg.

Det går fram av søknaden at kart med GPS-oppmålte strukturar (frå registreringa hausten 2003) vil bli ettersendt på nyåret. Vi meiner slik kartfesting er ein føresetnad for at det vert gjeve dispensasjon. Vidare må alle påviste kulturminne, gravne sjakter og prøvestikk dokumenterast, oppmålast og avmerkast på kart, også eventuelle funntomme sjakter/prøvestikk. Alle sjakter og prøvestikk må fylles igjen, slik at det ikkje oppstår sår i terrenget. Rapport om registreringsresultat og resultat frå prøveuttak må leggjast fram for fylkeskommunen.

Kulturavdelinga oppfattar prosjektet som interessant på fleire måtar. Fagleg sett vil ein kunne kartleggje busettingshistoria i eit heilt dalføre gjennom ei systematisk registrering av jordbruksrelaterte strukturar. I tillegg er prosjektet interessant og nytting for forvaltninga. Uavhengig av reguleringsplangrenser vil ein kunne få eit godt bilete av kva ein kan forvente av funn i eit marginalt vestnorsk dalføre. Et tredje viktig aspekt er at prosjektet har ein sterk lokal tilknytning. Initiativet til prosjektet kjem frå det lokale historielaget og frå det lokale bygdelaget. Eit lokalt initiativ til arkeologisk registreringsarbeid oppfattar vi som særleg viktig å følgje opp.

Kulturavdelinga har gjeve uttrykk for at vi ynskjer å følgje opp prosjektet gjennom deltaking i ei fagleg referansegruppe.


Tilråding

På bakgrunn av ovannemnde gjev Kulturavdelinga følgjande tilråding:

Kulturavdelinga rår til at det på vilkår vert gjeve dispensasjon frå Lov om kulturminne § 8,1.ledd for gjennomføring av arkeologiske undersøkingar i utvalde jordbruksstrukturar i Jostedalen som omtala i søknad frå Arkeologisk Institutt datert 22.12.03, i samband med prosjektet "Den fyrste busetnaden i Jostedalen".

Med dette vert saka sendt vidare til Bergen Museum for fagleg vurdering og tilråding og til Riksantikvaren for vidare handsaming

Med helsing


Ingebjørg Erikstad
Ass.fylkeskulturdirektør


Eva Moberg
spesialkonsulent

Vedlegg: Søknad frå Arkeologisk Institutt, datert 22.12.03



Riksantikvaren
Dronningsgate 13
Postboks 8196 Dep.
0034 Oslo

SOGN OG LUSTER KOMMUNE		
SENTRALARKIVET I BERGEN		
ARKIVNR	DOKNR	FLIS
29 DES 2003		
K.BOD		
SAKSH	EMB	18237
Ø.1		

Bergen 22. desember 03
Jnr. 31103

SØKNAD OM DISPENSASJON TIL Å UTFØRE AVGRENSA ARKEOLOGISKE UNDERSØKINGAR AV MELLOMALDERBUSETNAD I JOSTEDALEN

Arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen søker med dette om dispensasjon etter kulturminnelovas § 8.1. ledd til å føreta arkeologiske registreringar og granskningar i form av mindre sjaktegravningar i utvalde strukturar som ledd i ei arkeologisk undersøking i Jostedalen i Luster kommune, Sogn og Fjordane.

Målet med registreringa er å få betre kunnskap om busetnadsutviklinga i Jostedalen fordi dalen er kjent for å ha lege fullstendig øyde i seinmellomalderen. Det er få skriftlege kjelder å byggje på, og ei arkeologisk undersøking av jordbruksspor vil kunne kaste lys over busetnaden og ressursutnytting før og etter svartedauden. Denne undersøkinga er lekk i eit større prosjekt som har som mål å kartleggje Jostedalen si historie, der Jostedalen sogelag er prosjektleiari, og der Arkeologisk institutt vil ha ansvaret for den arkeologiske delen av undersøkinga.

Arkeologisk institutt har, med arkeologane Bård Gram Økland og Gunhild Berge Stang, som eit fyrste steg gjennomført eit forprosjekt i Jostedalen i oktober 2003 (sjå rapport, vedlegg 1). Det vart då overflaterregistrert åkerreiner, åkerhakk, teiggrenser, støpingjerder, bakkemurar og vegfar. Dei mest interessante vart målt inn med GPS. Kart med desse punkta vil bli ettersendt like over nyttår. Denne type strukturar krev relativt beskjedne inngrep med mindre sjakter, men innehar likevel eit stort informasjonspotensial. Med utgangspunkt i dei innmålte strukturane, nyttast vanleg standard for registrering, dokumentasjon og innberetning, slik det m.a. er vanleg ved Bergen museum.


Avhengig av finansieringa, ser Arkeologisk institutt for seg tre alternativ for ei arkeologisk undersøking, gradert etter kor kostnadskrevjande dei vil vere. Det er gjort greie for desse alternativa i vedlegg 1. Vi søker med dette om å få løyve til å gjennomføre undersøkingane i høve til maksimalråma, alternativ 1.

Oppstartinga av prosjektet må skje sommarhalvåret 2004. To mastergradsstudentar, Ann Katrine Sivertsen og Anne Mette Haugen, under rettleiing av professor Ingvild Øye ved instituttet, skal nytte materiale frå dette prosjektet til mastergradsoppgåvene sine og dei skal sjølv delta i feltarbeidet. Denne delen av prosjektet er med i alle dei tre alternativa. Av hensyn

til studieprogresjon vil det difor vere naudsynt at feltarbeidet kjem i gong seinast i mai månad 2004. Det er difor viktig at søknaden vert handsama så raskt som mogleg.

Arkeologisk institutt vonar at Riksantikvaren finn prosjektet nyttig og interessant og gjev løyve til gjennomføre dei avgrensa arkeologiske inngrepa. Om det er naudsynt med meir informasjon, står instituttet til teneste.

Vedlegg: 1



Lars Forsberg
Styrar/professor

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga
Bergen museums Kulturhistoriske samlingar

Vedlegg 1

Rapport frå forprosjektet ”Den fyrste busetnaden i Jostedalen”.

Det er utarbeidd ei prosjektskildring med sikte på ei arkeologisk gransking av gardsbusetnaden i Jostedalen for å finne spor etter den eldste busetnaden der. I dette prosjektet ligg det inne eit forprosjekt som skal gå gjennom eksisterande kjelder og greie ut kvar det vil vere mest aktuelt å gjere arkeologiske granskningar, samt vurdere dette i høve til budsjett og finansiering.

Problemstillingane

Hovudproblemstillingane for prosjektet er:

- Når vart gardane i Jostedalen etablerte, og har gardane som me kjenner i dag lik lokalisering som gardane før svartedauden?
- Når tok ein til med jordbruk og dermed permanent busetnad i dalen?
- Korleis har utviklinga mot fast busetnad føregått?
- Tyder den spesielle eigedomsstrukturen i mellomalderen på rask kolonisering?
- Låg Jostedalen totalt øyde under svartedauden eller var nokre deler av dalen framleis i bruk?
- Når vart dalen busett att etter krisa i seinmellomalderen?

Målet for forprosjektet er:

- Vurdert i høve eksisterande kjelder, finne ut kva type strukturar som eignar seg best til å kaste lys over hovudproblemstillingane?
- Undersøkje kvar me finn strukturar som fortel om den eldste gardsbusetnaden versus den eldste faste busetnaden?
- Utarbeide prioriteringsliste, basert på romleg spredning i dalen, økonomi, utsagnskraft/informasjenspotensiale.

Gjennomgang av skriftlege kjelder, foto, kart, og tidlegare funn

1. Eldre skriftlege kjelder

Mellomalderdiploma som nemner gardane Kruna og Krokilja frå 1318/19 og 1322/23, prestlønslista frå 1596 og skattematrikkelen frå 1647,

2. Arkeologisk kjeldetilfang

Ei mellomalderøks frå garden Kjerrvik (B 11567). Ei åkerrein frå garden Lie har datering til yngre jernalder.

3. Nyere tids kjelder

Før synfaringane gjekk me gjennom bygdebok og utskiftingskart. På bakgrunn av dette eliminerte me vekk dei bruk og områder som truleg berre har nyare tids strukturar slik at det skulle bli lettare i felt å kome på spor av eldre strukturar som gamletun og storåkrar.

Konklusjon

Utfrå dei kjelder me kjenner er det Kruna, Krokgilja, Lie og moglegvis Kjerrvik som peikar seg ut som meir eller mindre sikre mellomaldergardar. Sidan det er nemnd ein prest i mellomalderdiploma, tyder det på at gardsbusetnaden i dalen må ha hatt eit visst omfang i mellomalderen sidan han kunne holde ein prest.

Synfaringane

Underteikna, Gunhild Berge Stang og Bård Gram Økland, var på synfaring i fire dagar, 15-18/10-03. I løpet av desse dagane gjekk me over samtlege gardar, og ved hjelp av kart, bygdebok og munnlege informantar målte me inn tilsaman 133 punkt der det kan vere aktuelt å gjere arkeologiske inngrep. Sjå tabell til slutt i rapporten. Førarbeidet med eliminering av nyare bruk, hjalp oss til å lettare identifisere eldste gardkjerna på dei historiske kjende gardane. Det viste seg at tuna har vore flytta på ein del av gardane. Deretter leita me etter jordbruksstrukturar som åkrar, geilar og utmarksgjerde i nærleiken av det me meiner må vere dei eldste gardskjernene. Me har særleg lagt vekt på åkrar som på folkemunne i dag vert kalla for storåkeren fordi slike åkrar ofte gjev gamle dateringar og kan lettast knytast til den historisk gardsstrukturen.

Vegen vidare – prioritering av undersøkte område

Arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen står fagleg ansvarleg for prosjektet, med delegert ansvar lagt til arkeologane Gunhild Berge Stang og Bård Gram Økland.

Strukturane skal undersøkjast ved sjakter ca 1 meter breie og opp til 4 meter lange. Det skal takast ut c-14 dateringar frå dei ulike stratigrafiske lag i profilane. Det same gjeld pollenprøvar og makrofossiler. Dateringsprøver vil bli sendt til NTNU i Trondheim, det er ikkje avklara enno kven som skal utføre dei pollenbotaniske analysane. Sjaktinga vil føregå delvis manuelt og delvis maskinelt. Underteikna har ansvar for all dokumentasjon i felt. I tillegg skal det gjerast ei grundigare kartlegging av kulturlandskapet i Jostedalen, særleg vegfar. Resultata frå undersøkingane skal sjåast i samanheng med tidlegare undersøkingar frå området, då særleg i Breheimen. Prosjektet vil òg sjå dei arkeologiske resultat i lys av resultat tilhøyrande andre fagdisiplinar som botanikk, geologi og filologi.

Med bakgrunn i registreringane har me gjort eit prioriteringsliste over kva gardar som me helst ynskjer å granske nærare, samt kva strukturar på kvar einskild gard som er mest interessant. Me ser for oss tre alternativ som har ulik økonomisk kostnad.

I alle alternativa ligg det inne to granskningar som vert gjort av to mastegradsstudentar ved Arkeologisk institutt (UiB): Ann Katrine Sivertsen og Anne Mette Haugen. Professor Ingvild Øye vil vere studentane sin rettleiar, og ho vil også sitte i prosjektet si referansegruppe. Den eine mastergradsoppgåva vil ta for seg 1-3 gardar ved hjelp av 10 sjakter og 20-30 C14 dateringar. Den andre oppgåva studere ferdselsveggar i Jostedalen. Også her med 10 sjakter og 20-30 C14 dateringar. Ein tek sikte på at dei to studentoppgåvene vert gjennomført uansett kva alternativ prosjektet elles ender opp med.

Alternativ 1.

Dette er det mest omfattende og kostnadskrevjande alternativet. Her undersøker me samtlege gardar i dalen med 2 sjakter på kvar gard i gjennomsnitt. I tillegg utvider med undersøkingane

med tilsaman fire sjakter på dei fem mest interessante gardane. Gjennomsnitt to dateringar pr sjakt pr sjakt. I tillegg kjem pollenprøver.

Grunngjeving: med dette alternativet vil me kunne tidfeste opptaking av gard og jordbruksdrift i heile dalen. Ved å gå grundigare inn på nokre av gardane vil me kunne belyse dei nemnde problemstillingane djupare.

Gardane som vil bli granska er:

1. Myklemyr, øvre
2. Kruna
3. Fossen
4. Lid
5. Vamberg
6. Prestegarden, inkludert Nes
7. Haugen
8. Espe
9. Mjælvær
10. Grov
11. Fåberg
12. Bruheim
13. Nedrelid
14. Bergset
15. Kreken
16. Åsen
17. Ormberg
18. Bjørk
19. Yttri
20. Kjerrvik
21. Snøtun
22. Hellegard
23. Gjerde
24. Sperle
21. Ormbergstøl
22. Bakken
- 23 Krokgjelen
24. Elvekrok

Alternativ 2

14 gardar, dvs. om lag. annankvar gard. To sjakter på halvparten av dei undersøkte, og ei sjakt på resten. To dateringar og to pollenprøver pr sjakt gjennomsnittleg

Grunngjeving: Med ei slik undersøking ivaretek me det romlege perspektivet, men går ikkje i djupna i same grad som alternativ 1. Dette vil sjølvsagt ha konsekvensar for tolking og analyse.

Gardane som vil bli granska er:

1. Myklemyr, øvre
2. Kruna
3. Fossen
4. Lid

5. Vamberg
6. Prestegarden, inkludert Nes
7. Haugen
8. Espe
9. Mjælvær
10. Grov
11. Fåberg
12. Bruheim
13. Nedrelid
14. Bergset

Alternativ 3

Dette er det minst omfattande og rimelegaste alternativet. Her legg me ca. to sjakter på dei 5 mest interessante gardane. Får utført 3 dateringar gjennomsnitt pr sjakt. I tillegg kjem pollenprøver. Ulempen med dette opplegget er at sjansen for at den romlege representativiteten vert svekka og ein får eit mindre detaljert bilete av busetnadsutviklinga. Gardane som vil bli granska etter alternativ 3, er:

1. Myklemyr, øvre
2. Kruna
3. Fossen
4. Lid
5. Vamberg

Bergen i desember 2003

Gunhild Berge Stang

Bård Gram Økland